



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2023/9124-9	08.06.2023	72813/2023/REGULERINGSPLAN/1535	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	04.07.2023

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for massetak på Stokkeland - fråsegning ved offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Innleiing

Saka gjeld offentleg ettersyn av planforslag for utviding av massetak.

Ved varsel om oppstart hadde vi innspel til planarbeid knytt til våre ansvarsområde for samferdsel og arkeologi. For samferdsel påpeikte vi at det må stillast rekkefølgekrav om at avkøyrsløse må opparbeidast i tråd med Statens vegvesens handbok N100 før i gangsettingsløyve blir gitt, og at det vidare planarbeidet må ivareta trafikktryggleik og framkomelegheit for fylkesvegen. For arkeologi påpeikte vi at det må bli innarbeidd ei omsynssone C, SOSI-kode H570 i kartet. Sona skal vere 10 meter brei og gå frå ytterkant av plangrensa i aust, opp frå fv 661 og opp til grensa for utstrekning av masseuttaket i dag. Omsynssone må har føresegn.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå våre ansvarsområde følgjande merknader no:

Samferdsel

Frisikt

Avkøyrsløse frå fylkesveg er regulert i tilgrensande plan, og siktkrava er vist i reviderte planteikningar i detaljregulering for Fv. 661 Vik – Furneskryss, med verknadsdato 21.06.2018 (planID 1535_20210149). Vi minner om at eigaren eller brukaren av avkøyrsløse sjølv har ansvaret for at utformingskrava til avkøyrsløse til ei kvar er oppfylt, mellom anna

krav til frisikt (jf. veglova § 43). Vi ser blant anna av vegbiletet at det vil vere behov for rydding av vegetasjon.

Tilgrising av vegbane

Av erfaring ser vi at masseuttak medfører ein del tilgrising av offentleg vegnett. Ein må i driftsfasen sjå til at det er gode rutinar for reinhald av køyretøy, som til dømes hjulvask før køyring ut frå området og ut på offentlege vegar. Det må og vere gode rutinar på at eventuell tilgrising rakst blir rydda opp.

Automatisk freda kulturminne

Behov for utviding av planområde

Vi registrerer at det i plankart er innarbeidd omsynssone H730 for registrert kulturminne ID231194 som ligg utanfor planavgrensinga. For at den aktuelle omsynssona skal vere del av det juridisk bindande plandokumentet, må planområdet bli utvida til å også omfatte denne. Vi vurderer ei slik endring å ikkje krevje nytt offentleg ettersyn, men at grunneigaren må bli informert og høyrte. Arealet er uansett verna av kulturminnelova.

KONKLUSJON

Vi registrerer at det i plankart er innarbeidd omsynssone H730 for registrert kulturminne ID231194 som ligg utanfor planavgrensinga.

For at omsynssone H730 for registrert kulturminne ID231194 skal bli del av det juridiske bindande plandokumentet, så må planområdet bli utvida til å også omfatte denne.

Vi vurderer utviding av planområdet å ikkje krevje nytt offentleg ettersyn, men at grunneigaren må bli informert og høyrte.

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
Overarkitekt

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: Mona Skram Rustad, tlf. 71 28 05 17

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen